



Til  
Kultur- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

NOREGS MÅLLAG

Postboks 474 Sentrum, 0105 OSLO  
Schweigaardsgate 16, 0191 OSLO  
ORG.NR NO: 970 205 942 MVA  
KONTO: 3450.19.80058  
TELEFON: 23 00 29 30  
FAKS: 23 00 29 31  
nm@nm.no  
www.nm.no

Dykkar referanse:

Vår referanse:  
075/06-601 GME

Dato:  
10. juli 2006

## HØYRING OM FORSKRIFTSENDRINGAR I MÅLLOVA

Noregs Mållag er svært glad for dei signala som kom i Stortingsmelding nr 7 om målbruk i offentleg teneste. Mållova har til no ikkje fungert godt nok, fordi dei fleste statlege organ ikkje har oppfylt krava ho set til veksling mellom dei to målformene. Dette har nesten utan unntak råka nynorsken. Vi set difor pris på den auka innsatsen som no er planlagd, både gjennom etablering av ein eigen stab i Språkrådet som skal hjelpa departementa med god språkbruk og gjennom å forskriftsfesta viktige styringsverktøy for å oppfylle krava i lova.

### Kommentarar til dei føreslegne endringane:

#### Vekslingsrutinar:

Ein intern instruks for vekslingsrutinar vil langt på veg dekkja kravet til eit eigna styringsverktøy som vil syta for at kvart statsorgan bruker minst 25 % nynorsk.

Noregs Mållag vil likevel peika på at det også er viktig kva dokument og informasjon som kjem på nynorsk. Mållaget stør fullt opp om Stortingsmelding nr 7 som peikar på at særleg nettsidene er viktige og må ha prioritet framover. I det perspektivet kan det vera tenleg at det vert stilt krav til at dei interne instruksane inneheld meir detaljerte vekslingsrutinar med målsetnad om at nynorskbruken kjem til syne i tekst som er mest mogleg publikumsretta / blir lesen og brukt av flest mogleg.

#### Opplysning om val av målform

Noregs Mållag vil også be om at det i alle brev og skjema der innbyggjarar har kontakt med statsorgan og har rett til å få informasjonen på si eiga målform, blir laga til ein rubrikk der det er råd å kryssa av for kva målform ein ønskjer.



I SAMARBEID MED

ABC  
Startsiden

urofoto.no

Mange røyster – felles mål

I mange samanhengar der det går ut brev frå det offentlege, er ikkje målforma til mottakaren kjend. Gjennom å setja inn ein rubrikk der ein kan kryssa av for målform, vil statsorgan på ein enkel måte skaffa seg eit oversyn som gjer det mogleg å gje mottakaren informasjon på den målforma han eller ho sjølv ønskjer.

#### Målbruksrapport:

I tråd med kommentaren til vekslingsrutinar, er det viktig at rapporteringa er forma ut i kategoriar som gjer det lett å få oversyn over i kva type dokument og informasjonsmateriell det har vore brukt nynorsk og bokmål. Målbruken på nettsidene og målbruk i informasjonstilfang som t.d. går til skular og andre store grupper i samfunnet bør i alle fall skiljast ut som eigne kategoriar.

#### Andre kommentarar:

##### Tilsynsfunksjonen

Kultur- og kyrkjedepartementet har tilsynet med dei andre departementa, og Språkrådet er delegert tilsynsfunksjonen for andre statsorgan.

Det vert meldt inn ein god del klagesaker kvart einaste år som gjeld statsorgan som ikkje oppfyller mållova. Desse klagesakene skriv seg ofte til lokale eller regionale statsorgan der Språkrådet har tilsynsfunksjonen.

Vanleg praksis har vore at det går eit brev til det organet det har vorte klaga på, der ein bed om ei forklaring og at organet følgjer mållova for framtida.

Noregs Mållag vil be om at denne tilsynsfunksjonen vert meir aktiv, slik at Språkrådet / KKD tek ein gjennomgang av heile språkbruken i eit statsorgan, når det fyrst har kome ei klagesak. Ofte kan klagesaker vera eit signal om at organet meir ålment ikkje oppfyller krava som vert stilte i mållova. Når ein får inn ei klagesak, bør ein difor gå gjennom t.d. kva som finst av skjema og anna publikumsretta materiell, korleis er praksisen med lysingar osv i det aktuelle organet. Med ein slik gjennomgang får Språkrådet høve til å retta opp språkbruken meir gjennomgåande og brota på mållova kan reduserast.

Med venleg helsing  
NOREGS MÅLLAG

  
Gro Morken Endresen  
dagleg leiar